

Nestenulykke - Saudehornet 4.jan.09. Kartref: 32V 035 1521 690 3725

Søndag 04.01.09 ca kl 15 utløyste ein skiløpar eit stort snøskred i Saudehornet. Raset losna i ca 1100 m høgde og gjekk heilt ned i botnen av Vikeskåla, ca 600 moh. Bruddkanten er mellom 0,5 og 1,0 m høg og ca 50 m lang. Hellinga i losneområdet er 36-37 grader og sida er vendt mot SSV.

Det var 3 personar som var på Saudehornet ilag. Alle med telemarkutstyr, dei hadde også SM, spade og søkestong. Før dei starta turen vurderte dei forholda som trygge, ikkje minst med tanke på at det var veldig kaldt.

Når dei tek første svingane på nedturen, ser dei at det losnar litt overflatesnø som raser ned heile sida av Saudehornet. Det at det rasar slik utan å ta med seg meir av snølaget tolkar dei som eit teikn på at det er stabile forhold.

Førstemann renn ned ryggen vest for renna på framsida av Saudehornet og stansar etter eit par hundre meter for å sjå etter dei andre to. I det han stansar opp, losnar "heile sida". Bruddkanten er 30-40m ovanfor der vedkomande stoppar opp. Dei to andre i følget står igjen lenger oppe i sida. Han greier å holde seg oppreist på skia ei lita stund, men dett til slutt og blir ført med skredet i 3-400 høgdemeter. Utruleg nok er han heilt uskadd og verken stavar eller ski vert rivne av, trass i at han har utløysarbindingar.

Etter nyårsafta har det vore ein god del nedbør (snø i denne høgda) og perioder med vind frå N og NV. Temperaturen dei siste dagane varierte frå rundt null til nokre få minusgrader, natt til søndag vart det betydeleg kaldare, truleg rundt minus 10° C i dette området. Fredag 2/1 og laurdag 3/1 gjekk det også mindre flakskred både i Nivane og i den delen av Saudehornet som vender mot Skytjadalen. Utifrå dette må vi kunne sei at det ikkje var ein overraskelse at dette skjedde.

Heldigvis gjekk det bra denne gongen.

Liknande skredsituasjonar har vore i samme området tidlegare i vinter. Laurdag 13.12.08 løyste to personar ut eit flakskred i nesten samme området som skredet på søndag. Dei hadde gått på ski oppover ryggen frå Vallahornet, då dei tok av seg skia for å fortsette vidare med skia på ryggen dei siste 300m til toppen, løyste dei ut flakskredet. Bruddkanten gjekk langs med skispora dei fulgte opp. Begge fulgte snømassene eit lite stykke før dei kom seg over på "fast grunn", dvs skarelaget under det laget som glei ut.

Samme dag løyste to andre personar ut flakskred på Grøtaksla ved Ørsta Skisenter, desse to fulgte også skredet eit lite stykke før dei kom seg lause på eiga hand.

Desse tre episodane bør vere ein tankevekkar for alle som ferdast i Sunnmørstindane på vinterstid. Tendensen er som vi har registrert dei siste åra, at alle fjell er "opne" heile vinteren. Tidlegare heldt vi oss unna dei mest skredutsatte fjella til ut på ettervinteren. På den måten gjekk vi kanskje glipp av mange fantastiske skiopplevelsar, men vi unngjekk i alle fall dei mest skredutsatte dagane.

Å ferdast i slikt terreng krevst ein kunnskap og ei erfaring som mange synest å mangle i dag. Det er lett å raskt tileigne seg teoretisk kunnskap gjennom skredbøker og media, men det krevst ei djupare forståing for å kunne overføre dette til praktisk tolking av dei gjeldande forholda. Denne forståinga kan berre skaffast gjennom å samanlikne teori og praksis og på denne måten lære seg å tolke faresignala som naturen og snødekket gir.



Pila viser den skredtatte i det han forsvinner i skredmassene.

Foto: Frode Tømmerbakk

Foto: Jarle S Bjørdal



Pilene på bildet over viser medrivingspunkt, omlag den ruta han har fulgt i skredet og punktet der han stoppa.



Bildet viser den skredtatte på veg ut av skredet, uskadd.

Foto: Vebjørn Øyehaug

Jarle Steinar Bjørdal
Volda og Ørsta Røde Kors Skredgruppe